

Årsmelding frå langrennsgruppa 2020

I 2019 har langrennsgruppa bestått av Odd-Kjetil Kvalvågnes, Gunhild Kvinen og Birgitta/Anders Tjørhom. Me har hatt eit par møter gjennom året for å planlegga dei ulike aktivitetane.

Som vanleg arrangerte me lysløypekarusell 10 torsdager mellom nyttår og påske. Det var også dette året 100% deltaking fra 1.-7. klasse i tillegg til 16 born under skulealder. Til saman deltok 57 stk. på lysløypekarusellen i 2019. Dette var akkurat like mange som i 2018. Den siste lysløypekarusellen vart arrangert som klubbmesterskap med ei lita premieutdeling på grendehuset etterpå.

Skileik/skitrening vart også dette året arrangert i forkant av lysløypekarusellen. Det fungerer bra og oppmøtet er relativt stabilt. Tarjei Tjørhom, Gunnhild Kvinen, Selma Kvæven og Anders Tjørhom var trenere på skileik og skitrening.

Skilaget stilte med deltaking i fleire renn også denne sesongen. Sirdalsstafetten gjekk dette året på Feed, den 20.mars. Her hadde vi med 5 lag fra Sirdal Skilag mot 9 året før. Dette året reiste me ein gjeng til Evje for å gå Trollrennet. Det var 7 barn som gjekk renn, samt foreldre. Turen var triveleg, men ein skulle sjølv sagt ha ønska at det passa for fleire familiarar å være med. Av gode resultat kan me nevne at Marius vann begge løpa på Evje, Gjesdalburennet som var KM og Nyttårsrennet.

Innetrening vart gjennomført frå høstferien og fram til jul. Anders Tjørhom hadde hovudansvaret for 1.-4. klasse, medan Solveig Marie Ådneram hadde ansvaret for dei eldste. Formålet med innetreninga er allaktivitet og kjekke aktiviteter som alle kan vera med på. Dette har i år fungert bra for begge grupper.

Me i langrennsgruppa er godt nøgde med året som har gått og deltakinga på alle aktivitetane me har gjennomført.

For langrennsgruppa

Anders Tjørhom